



Referat frå årsmøte i Kystvegen Ålesund – Bergen den 17. juni 2011

Møtet vart halde i Rådhuset i Florø

Desse møtte:

- Bente Frøyen Steindal - Flora kommune
- Jan Helgøy – Vanylven kommune
- Arve Helle – Fjaler kommune
- Ronny Blomvik – Sula kommune
- Hans Gisle Holstad – Hareid kommune
- Gunn Mongstad - Solund kommune
- Kåre Olav Svarstad – Bremanger kommune
- Dag Vågen - Sande kommune

Dessutan møtte sekretæren - Eivind Hjellum.

1. Opning av møtet. Styreleiar opna møtet. Innkalling og sakliste blei godkjent. Arve Helle blei vald til møteleiar. Eivind Hjellum blei vald til referent.
2. Årsmelding og revidert rekneskap blei framlagt. Vedtak: Årsmelding og rekneskap blei godkjent.
3. Val.
Det låg ikkje føre noko samla tilråding frå valnemda. Holstad, som medlem i valnemda frå MR, gjorde framlegg om attval av styrerepresentantane frå Møre og Romsdal. Det blei gjort framlegg om attval av også dei andre styrerepresentantane og nyval av Eivind Hjellum som styremedlem slik at styret frå no vil ha 7 medlemmer.
Vedtak: Styret 2011 - 2012 har slik samansetjing:
Bente Frøyen Steindal, Jan Helgøy, Ronny Blomvik, Arve Helle, Lars Hellandsjø, Nils Marton Aadland og Eivind Hjellum.
Bente Frøyen Steindal blei attvald som styreleiar og Jan Helgøy som nestleiar.

Vararepresentantane blei også att valde. Dei er:

1. Kåre Olav Svarstad
2. Bjørn Tømmerdal
3. Hans G Holstad
4. Repr. frå Bergen

Til valnemd blei valde:

Håkon Matre, Hans Gisle Holstad og Gunn Mongstad. Gunn Mongstad blei vald til leiar.

4. Kontingent for komande år.

Vedtak: Kontingenten vert ikkje endra. Den er:



Kommunar betaler kontingent etter fylgjande formel:

Grunnbeløp pr kommune: kr 10.000,- + kr 1,- pr innbyggjar.

Bergen og Nordhordland betaler grunnbeløpet.

Verksemder:

Små verksemder (inntil 20 årsverk): kr 2.500,-

Mellomstore verksemder: (21 – 100 årsverk) kr 5.000,-

Store verksemder (over 100 årsverk) kr 10.000,-

Bankar avtalast spesielt (min 10.000,-)

5. Andre saker:

- a. Eit framlegg til uttale frå årsmøtet blei drøfta og vedteke.
Det skal sendast til aktuelle myndigheiter og media.
- b. Det blei orientert om arbeidet med ”45 min regionen”, utgreiing om samband over Førdefjorden, etablering av selskapet HAFAS AS og Rovdefjordbru AS.
- c. I samband med pågåande KVVU for E39 på strekninga Skei – Ålesund har styret gjort framlegg om å ”justere” traseen for E39 gjennom Sunnmøre slik at den skal gå over Ulstein – Hareid og det framtidige HAFAS.
- d. I samband med utgreiing av ferjefri E39 har styret stilt krav om å få utgreidde kryssing av Sognefjorden via Solund.
- e. Flora kommune arbeider med å finne ei løysing på sekretariatfunksjonen. (sekretæren blir pensjonist)
- f. Kystvegkonferansen vert i år halde i Vanylven den 26. august, med spesielt fokus på valkampen. Vanylven arbeider med programmet.

20/6-2011

Eivind Hjellum